

SAK 15/25 ÅRSBUDSJETT 2026 OG ØKONOMIPLAN FOR 2026-2029

1.1 Innleiing og formål

Dette dokumentet presenterer årsbudsjett 2025 og økonomiplan for 2026-2029 for Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS. Prognosen er forbunde med ein betydeleg usikkerheit, grunna uvisse knytt til inntekter på prosjektfinansierte tenester. Formålet er å gi representantskapet et avgjerdsgrunnlag for nødvendige tiltak for å sikre økonomisk berekraft. Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS har eit mål om å etablere eit økonomisk berekraftig driftsnivå, slik at selskapet kan bygge opp og behalde sin økonomiske handleevne over tid. Budsjettet som blir lagt fram inneheld tiltak vedteken i sak 48/25 i styremøtet 16.10.2025.

1.2 Bakgrunn

Arkivet er hjartet i eit velfungerande demokratisk samfunn. Arkivet vaktar historiske dokument og informasjon som sikrar ansvar og openheit. Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal er ein nøkkelaktør i å bevare det lokale og nasjonale kollektive minnet. Arkivet legg grunnlaget for rettferd og mogleggjer informert avgjersle, noko som er avgjerande for å oppretthalde demokratiske verdiar og prinsipp. I arkivet blir lokalforvaltning, byggesaker, skule- og undervisning, barnevern, sosialteneste og primærhelsetenester dokumentert. Dokument som sikrar effektiv saksbehandling og som kan vere viktig for å bevise urett mot enkeltmenneske eller grupper. Arkiva er til for innbyggjarane, og handlar om våre innbyggjarar sin demokratiske rett til å få tilgang til og innsyn i det som angår dei. Derfor er offentlege organ underlagde arkivplikt.

Offentlege organ si arkivplikt

I samsvar med [§6 i Arkivlova](#) skal alle offentlege organ ha arkiv, og desse skal vere ordna og innretta slik at dokument er trygge som informasjonskjelder for samtid og ettertid. Offentlege organ skal avlevere eldre og avslutta arkiv til godkjent arkivdepot. I Møre og Romsdal har alle kommunar og fylkeskommunen løyst dette lovkravet og forskrift om offentlege arkiv gjennom Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS.

I samsvar med selskapet sitt overordna formål i selskapsavtalen skal Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal vere ein regional arkivinstitusjon knytt til heilskapleg samfunnsdokumentasjon. Selskapet skal først og fremst vere arkivdepot og arkivfagleg kompetanseinstitusjon for eigarane. Selskapet skal forvalte, formidle og styrke arkiva til eigarane, og med dette bidra til måloppnåingar av føresetnader og intensjonar i arkivlova.

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal leverer i tillegg på førespurnad prosjektfinansierte tenester innan ordning og digitisering av arkiv på oppdrag frå eigarane og eksterne aktørar, tenester innan personvernforordninga til 24 eigarar finansiert gjennom eigen kontingent, og tenester lagde politisk til selskapet: Senter for digitisering av kulturarven, Fylkesfotoarkivet og fylkeskoordinerande teneste i arbeidet med privatarkiv, dei tre sistnemnde finansiert gjennom driftstilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

1.3 Økonomisk situasjon

Selskapet har over tid hatt større kostnader enn inntekter ved drifta av tilleggstenestene digitisering og ordning. Dei politisk tillagde kulturtenestene har lenge vore underfinansierte. Blant anna dekkjer ikkje den kommunale privatarkivordninga med dagens finansieringsmodell kostnadene til drifta av tenesta. Verken privatarkivordninga eller fylket dekkjer kostnadene til depotleie for 800 hyllemeter privatarkiv som er deponert.

- Digitisering: Stor uvisse knytt til igangverande prosjekt. Kritisk låg prosjektportefølje. Estimert meirforbruk i 2025: ca. 1,8 mill. Forventa inntekt i 2026: ca. 1,2 mill. Driftskostnader: ca. 5,1 mill. Estimert meirforbruk 2026: ca. 3,9 mill.
- Ordningsprosjekt: God portefølje, men usikkerheit knytt til depotkapasitet etter 2027. Forventa meirforbruk for 2025 på 1 mill. kr. Forventa inntekt i 2026: ca. 5,3 mill. Driftskostnader ca. 5,9 mill. Estimert meirforbruk utan tiltak i 2026: ca. 600 000 kr.
- Personvern: Utfordringar med rekruttering har ført til kostbar innleie av ekstern kompetanse. Ikkje mogleg å oppretthalde drifta og levere tenestene i høve til inngåtte avtaler, det gir uønskt arbeidsbelastning på tilsette og er ikkje økonomisk berekraftig utan betydeleg auka kontingent. Forventa meirforbruk på 600 000 kr.
- Kulturtenester: Tildelinga frå fylkeskommunen har ikkje auka i takt med auke i tenestene omfanget eller i takt med auke i kostnader til drift av tenestene. Ny søknadsfrist for auke i driftsmidlar er 1. desember 2025 for driftsåret 2027. For 2026 vil ein berre ha prisjustering. Forventa meirforbruk i 2025 på ca. 740 000 kr. Forventa meirforbruk i 2026: 140 000 kr (350 000 kr utan tiltak)
- Problema med å få til ein forlenging av dagens husleigeavtale og den økonomiske konsekvensen av ein slik avtale. Det er stor usikkerheit knytt til det fysiske arbeidsmiljø i dagens lokaler, spesielt i arkivmagasin. Arbeidstilsynet har vore på tilsyn og vi avventar rapport.

Vi har gjennom 2025 jobba for å redusere kostnader bl.a. gjennom redusert kjøp av varer og tenester, reduserte kostnader til reise, kurs og opphald. Samt gjennom ekstrarfokus på å auke inntektene frå prosjektfinansiert aktivitet. Det er per dags dato eit rekneskapsmessig mindreforbruk på IKA basis tenester, men eit betydeleg meirforbruk for dei prosjektfinansierte tenestene. For kulturtenester er det eit rekneskapsmessig meirforbruk, spesielt på Adm. / kulturtenester, Fylkesfotoarkivet og på Privatarkiv. Personvernombodstenesta har også eit budsjettert meirforbruk grunna ekstra kostnader til innleige av ekstern personvernjurist.

Status	Status	Budsjett	Prognose
IKA Drift	-1 575 586	0	200 000
Adm / Kulturtenester	260 978	248 000	368 768
Fylkesfotoarkivet	226 224	141 800	197 314
SEDAK	-115 795	253 500	66 209
Privatarkiv	99 794	178 803	104 453
Personverntenesta	206 292	920 000	660 000
	-898 093	1 742 105	1 336 609

1.3.1 Leiekontrakt eksisterande eller nye lokaler

Selskapet har, jamfør sak 05/25 i representantskapsmøtet 25.04.25, gjennomført forhandlingar med noverande huseigar om ei mogleg forlenging av dagens husleiekontrakt med 3 år, men vi har ikkje kome i mål med forhandlingane. Foreløpige signaler frå huseigar er at det er lite relevant og at ei slik kortvarig forlenging av avtalen vil medføre betydeleg høgare husleiekostnader. Vi har hatt tilsyn frå Arbeidstilsynet og de har stilt spørsmål til det fysiske arbeidsmiljøet, spesielt i arkivmagasina. Vi anbefaler derfor at selskapet raskast mogleg utlyser ein konkurranse for leige av lokaler tilpassa noverande og framtidige behov. Det vil ifølge Marstrand Advokatane AS vere mogleg å få på plass nye lokaler innan utgangen av juni 2027 om vi gjennomfører konkurransen mot slutten av 2025 og kontraherer på byrjinga av nyåret 2026.

1.3.2 Basistenester

For å oppnå nødvendig styring blei det i forbindelse med vedtatt organisasjonsstrukturoppretta to avdelingsleiar stillingar og ein HR-rådgivar stilling. Desse stillingar har ikkje fått ny finansiering, men har blitt dekkja inn gjennom innsparingar i ordinær drift. Kostnader til drift av administrative tenester, basistenester som arkivforvaltning og rådgiving blir dekt gjennom kontingenten frå eigarane. Kulturtenestene, personvernombodstenesta, faggruppa for digitisering og faggruppa for ordning bidrar til dekning av felleskostnader, del av driftskostnader, del av husleige mm. Dei siste årene har faggruppa for digitisering og faggruppa for ordning hatt et meirforbruk som har belasta administrasjonen og drift av basistenestene i betydeleg grad. Berekraftig drift eller betydeleg reduksjon av kostnadene til desse tenestene vil vere et positivt bidrag til økonomien til selskapet. Det vil bl.a. kunne gi nødvendig handlingsrom til å gjere nødvendige investeringar i utstyr, samt dekke kostnader til helt nødvendig bemanning for å oppretthalde tenestenivået.

Selskapet har grunna redusert plass i arkivdepot leigd to eksterne areal for midlertidig oppbevaring av arkivmateriale. Desse lokala tilfredsstiller ikkje krava i arkivforskrifta, men brukast som midlertidig bortsettingsarkiv i påvente av framtidige godkjente arkivlokaler. Kostnadene ved leige av det eine lokalet blir dekt av ekstern aktør. Denne avtalen og leigeavtalen gjelde ut juni 2026. Det andre lokalet er eit midlertidig bortsettingsarkiv på Sjøholt som ble skaffa for å avhjelpe mangel på depotplass. Årleg kostnad for dette lokalet utgjør 305 000 kr pluss kostnader til reise og arbeidstid i forbindelse med oppfølging og saksbehandling av innsyn. Eit tiltak kan vere å avslutte denne avtalen og hente arkivet tilbake til Statsråd Daaes gate, men dette tiltaket vil medføre at vi vil få fullt depot og dermed auke risikoen for mottaksstopp. Det blir anbefalt å oppretthalde leigeavtalen.


Selskapet har framleige på den 3. etasjen i Kirkegata 10B. Selskapet vil ikkje ha bruk for dette arealet frå 2026 om tiltaka under 1.3.3 og 1.3.5 blir gjennomført. Om det er mogleg å avslutte framleigeavtalen vil det kunne gi ein kostnadsreduksjon på ca. 400 000 kr for 2026.

1.3.3 Faggruppa for digitisering

Prosjektporteføljen for digitiseringsprosjekt er svært låg. Selskapet har digitisert byggesakarkiv, landbruksarkiv og oppmåling for om lag 20 kommunar. Ingen nye kommunar

har ønska å digitisere arkiv grunna bl.a. pris og leveransehastigheit på formatkonvertering og selskapet står i ein kritisk situasjon knytt til framtidig drift i faggruppa for digitisering. Faggruppa skal, slik det er tidlegare vedtatt av styret og eigarane, vere økonomisk sjølvfinansiert / berekraftig.

Utvikling av hyllemeterprisen for digitiseringsprosjekt per 06.10.2025



Gjennom dei siste tre åra har den fakturerte prisen per hyllemeter nesten fordobla seg. Noko skyldast tekniske problem frå bla. programvareleverandørar, utfordringar knytt til ordningsgraden av det leverte materialet, men dette aleine kan ikkje forklare prisauken. Dei tilsette har rapportert at også menneskelege faktorar har vert bidragsytande til redusert leveransehastighet. Dei økonomiske utfordringane og den høge hyllemeterprisen har vore lagt fram for dei tilsette ved fleire anledningar frå november 2024 til august 2025. Dei tilsette har kome med innspel blant anna om: lågare krav til faktureringsgrad, tilbakemelding til kommunane om betre klargjering av materialet før levering, fakturere for lunsjpause, fordele lønnskostnader for tillitsvalte på alle tilsette, auke av timeprisen.


Sett bort ifrå lågare krav til faktureringsgrad og høgare timepris, er tiltaka fylgde opp av arbeidsgivar, men har ikkje gitt nødvendig effekt på hyllemeterprisen og den økonomiske situasjonen. Faggruppa har stått i arbeidsmiljøutfordringar, og dette kan ha påverka evna deira til å fremme konstruktive bidrag til tiltak for økt inntening og effektivitet. Der er derfor gjort nye forsøk på å innhente moglege tiltak frå dei tilsette i driftsmøte med avdelingsleiar den 02.10.25. Her rapporterte ein av dei tilsette at dei i det siste har greidd å jobbe meir effektivt med materialet, og det ble avtalt tettare oppfølging og arbeid med avdelingsleiar sine forslag til kontinuerleg forbetring. Arbeidsgivar vil forsette å følgje opp dei foreslåtte tiltaka og sjå an utviklinga. Foreløpige berekningar viser at tiltaka vil kunne gi noko effekt, men ikkje nok til å kompensere for hovudproblemet, som er at IKAMR etter dagens kostnadsnivå ikkje tilbyr prisar som er konkurransedyktige nok i marknaden, at vi levere til ein pris som er dobbel av erfaringstal frå 2022 og fram til i dag, og det dobbelte av det som opphavleg var estimert for inngåtte avtalar, manglande etterspørsel, og manglande nye prosjekt for 2026 og framover.

Dei kommunane som ein har vore i kontakt med dei seinare åra har gitt tilbakemelding om at de ikkje er villige til å digitisere til dagens hyllemeterpris på nærmare 50 000 kr. Til samanlikning har vi fått opplyst at Norsk Helsearkiv digitiserer til ein gjennomsnittleg hyllemeterpris på 12 000 kr, og at private aktørar digitiserer til ein hyllemeterpris på ca.

20 000 kr. Grunna den høge hyllemeterprisen er det stor usikkerheit knytt til to av dei pågåande prosjekta. Slik det ser ut per no består prosjektporteføljen for digitiseringsprosjekt i 2026 berre av eitt sikkert prosjekt på ca. 30 hyllemeter og ein verdi på ca. 1,2 mill.

Faggruppa har 5 tilsette og vil utan tiltak ha estimerte driftskostnader i 2026 på ca. kr. 5,1 mill. og forventa inntekt på ca. 1,2 mill. kr.

Inntekter og utgifter for digitisering frå 2022-2024. Estimert for 2025-2026



Rekneskap for 2022-2024. Prognose 2025 og 2026

År	Lønnskost	Husleige	Kjøp varer og tenester	Kurs/reise	Adm kostnad	Driftskost.	Inntekt	Balanse
2026	3 274 943	298 700	770 000	120 000	575 549	5 039 192	1 200 000	3 839 192
2025	3 179 557	290 000	850 000	75 000	558 787	4 953 344	3 105 766	1 847 578
2024	3 042 862	192 642	849 568	126 536	457 196	4 668 805	3 353 502	1 315 303
2023	2 748 955	182 574	935 569	68 728	550 000	4 485 827	2 923 831	1 561 996
2022	2 254 809	177 574	321 061	117 463	500 000	3 370 907	3 193 603	177 304

Økonomisk berekraft

Jamfør tidlegare styrevedtak bla. sak 41/16 skal prosjektfinansierte tenester vere fullfinansierte slik at dei ikkje belastar selskapet økonomisk. Fortsett drifta på noverande driftsnivå inneberdet eit forventa rekneskapsmessig meirforbruk for faggruppa på ca. 3,9 mill. i 2026.

IKAMR må for framtida ikkje ta på seg risiko i store prosjekt. Vi må tilby tenester basert på timepris og ikkje fastpris. På den måten sikrar IKAMR seg mot å tape pengar på prosjekt.

1 Frå evalueringsrapport og styrevedtak 2016 og 2017

IKAMR tilbyr digitalisering av arkiv til eigarane våre. Kapasiteten må tilpassast etterspørselen til eigarkommunane.

2 Frå Handlingsprogram 2017-2024


Tiltak vedtatt av styret

Styret ser svært alvorleg på den økonomiske situasjonen til selskapet og vedtok i sak 48/25 med bakgrunn i manglande etterspørsel, manglande prosjekt og manglande økonomisk berekraft å legge ned faggruppa for digitisering med verknad frå 01.12.2025. Samanliknbare interkommunale arkiv som IKA Kongsberg og IKA Trøndelag har på lik linje med oss valt å avvike deiras digitiseringstjenster grunna svikt i oppdrag. Tiltaket vil medføre ein overtaligheit i selskapet på fem stillingar. Det vil medføre redusert arealbehov, redusert behov for tenestekjøp og reduserte kostnader til reise, kurs, opplæring etc. Overtaligheit vil medføre et behov for nedbemanning og en nedbemanningsprosess vil ta tid og medføre kostnader som påverkar budsjettet for 2026. Dersom vedtaket blir effektivert vil det medføre ein estimert brutto innsparing på ca. 5,1 mill., eit forventa inntektstap på 1,2 mill. og ein netto innsparing på 3,9 mill. kr. Tiltaket vil medføre reduksjon av kostnader til lønn, husleige, utstyr, lisensar m.m. som vil ha verknad inn i 2026. Lønnskostnader vil som minimum ha verknad for januar og februar i 2026. I tillegg vil der vere innsparingar det vil ta lengre tid å realisere. Estimerte kostnader for 2026 vil vere 1,2 mill. Total estimert realiserbar innsparing frå opphavleg estimat vil da kunne vere 2,5 mill. for 2026.

1.3.4 Faggruppa for ordningsprosjekt

Prosjektporteføljen for ordningsprosjekt er framleis god trass at enkelte kommunar har førespurt om utsetjing av prosjektstart grunna den økonomiske situasjonen. Inngåtte kontraktar utgjer nærmare 40 mill. i perioden fram til 2033. Tenesta har ikkje vore økonomisk berekraftig dei siste åra, men gjennom bl.a. endring i rutine for timeregistrering og arbeidet med forbetring har dette begynt å endre seg. Ein stor utfordring for tenesta er uvisse knytt til plass i depotmagasin og ein mogleg mottaksstopp i 2027. Det gjer at det er uvisse knytt til om det er mogleg å gjennomføre inngåtte kontraktar frå medio 2027 og utover.

Inntekter og utgifter for Ordning frå 2022-2024. Estimert for 2025 og 2026



Rekneskap for 2022-2024. Prognose 2025 og 2026

År	Lønnskost	Husleige	Kjøp varer og tenester	Kurs/reise	Adm. Kostnad	Driftskost.	Inntekt	Balanse
2026	4 087 043	379 235	700 000	88 315	650 000	5 904 593	-5 300 000	604 593
2025	3 933 631	365 000	950 000	85 000	637 017	5 970 648	-4 963 380	1 007 269
2024	3 557 295	345 000	1 000 000	150 000	542 921	5 595 216	4 427 140	1 168 076
2023	3 480 416	334 000	1 060 000	78 350	627 000	5 579 766	4 413 356	1 166 410
2022	3 078 644	315 000	377 247	138 019	470 000	3 955 910	3 510 973	444 937

Tiltak for berekraftig drift av faggruppa for ordning

Faggruppa jobbar med effektivisering av tenesta gjennom blant anna prosessforbetringar. Leiinga og tilsette jobbar med fleire tiltak som samla vil medføre ein auka økonomisk berekraft for 2025 og 2026.

1.3.5 Faggruppa for personvern

Vi har sidan hausten 2024 forsøkt å rekruttere ny fagleg ansvarleg og ny rådgivar personvern til faggruppa for personvern. Vi har gjennomført både eiga rekruttering og ein rekrutteringsprosess med støtte frå eksternt bemanningsbyrå. Dessverre har verken selskapet eller eksternt byrå lykkast med rekrutteringa. I perioden frå november 2024 fram til oktober 2025 har vi leigd inn ekstern personvernjurist. Dette er ei nødvendig, men svært kostnadsdrivande løysing som ikkje er økonomisk berekraftig utan ein betydeleg auke i kontingenten frå deltakarene i tenestene. Styret har vurdert det slikt at tenesta enten må leggst ned eller at andre må overta drifta av tenesta. Selskapet har for å kunne oppretthalde tilbodet til eigarane og ivareta tilsette gjort undersøking om ei mogleg verksemdsoverdraging med ein av våre største eigarar. Ei nedlegging eller verksemdsoverdraging vil medføre eit bortfall av kostnader til drifta og eit bortfall av inntekter til faggruppa. Foreslåtte tiltak vil i første omgang kunne medføre auka kostnader til drifta av selskapet som heilskap grunna mindre bidrag til finansiering av felleskostnader. På lengre sikt vil dette gjennom tilpassingar av drifta til tenestebehovet kunne medføre ein reduksjon av kostnader i selskapet.

Status og prognose for 2025

Gruppe	Driftskostnad	Inntekt	Balanse	Budsjett	Prognose
Personverntenesta	3 604 037	-3 883 752	-279 715	920 000	660 000

Tiltak vedtatt av styret

Styret har i møtet 16.10.2025 vedtatt å avvikle personvernombodstenesten hos IKAMR. Styret har samtidig bedt dagleg leder om å gå i forhandlingar med de fire største eigarar om ein mogleg verksemdsoverdraging. Dette arbeidet går før seg no. Avvikling av tenesta vil over tid medføre reduksjon i kostnader for drift av selskapet og et tap av inntekter. Avvikling av tenesta eller verksemdsoverdraging vil medføre kostnader som får verknad i 2026. Antar vi at tenesta blir avvikla med verknad frå 31.12.2025 vil det medføre kostnader for minimum 3 månader lønn i 2026 og driftskostnader som husleige etc., det vil ta tid å avvikle. Om tenesta blir avvikla med verknad frå 31.12.2025 vil det medføre at inntektene for 2026 vil falle bort. Driftskostnadene for 2026 vil derfor måtte dekkast gjennom bruk av fondsmidlar.

Fondet er ved inngangen av 2025 på kr 2 140 597. Det vil estimert vere på ca. 1,5 mill. etter årsoppgjeret for 2025. Forventa kostnader for 2026 vil vere ca. 830 000 kr.

1.3.6 Avdeling for kulturtenester

Ansvar og arbeidsoppgåvene til tenestene har over tid vakse utan ein auke i tilskotet frå fylkeskommunen. Tenestene har vore underfinansierte og det har vore nødvendig å finansiere drifta gjennom bruk av oppsparte midlar. Bl.a. dekker ikkje kontingenten for privatarkivordninga eller fylkeskommunen sine kostnader til hyllemeterleige for privatarkiv (tilsvarande 360 000 kr), eller stor nok del av lønns- og driftskostnader til å gjere tenesta økonomisk berekraftig (kontingent for privatarkivordninga utgjer 217 000 kr i 2025). Fylkeskommunen dekker ikkje nok av lønns-, sosiale- og andre kostnader til å ivareta det fylkeskoordinerande ansvaret for privatarkiva tildelt avdelinga for kulturtenester. Vidare har fylkeskommunen endra søknadsprosessen for midlar til drift av kulturtenestar frå årleg til fire-årleg. Det vil derfor ikkje vere mogleg å søke om auke i driftsstøtta for 2026 utanom eventuell justering for KPI eller kommunal deflator. Avdelinga for kulturtenester vil utan tiltak styre mot eit meirforbruk på ca. kr. 737 000 i 2025.

Status og prognose for 2025

Kulturtenester	Driftskostnad	Inntekt	Balanse	Budsjett	Prognose
Adm / Kulturtenester	399 478	-138 500	260 978	248 000	368 768
Fylkesfotoarkivet	1 239 343	-1 013 119	226 224	141 800	197 314
SEDAK	1 786 712	-1 902 507	-115 795	253 500	66 209
Privatarkiv	1 240 011	-1 140 217	99 794	178 803	104 453

Forslag til tiltak for å tilpasse drifta på kulturtenester til driftsramma frå fylkeskommunen:

- Søke om utviklingsmidlar til å gjennomfører prosjekt.
 - Bruk av interne ressurs til prosjektgjennomføring og dermed redusere lønnskostnader ved innleige.
- Auke kontingenten for å vere medlem i privatarkivordninga for kommunane frå dagens 1,91 kr per innbyggjar til 3 kr. per innbyggjar.
- Tilpasse tenestetilbodet og tenesteleveransen etter driftsramma frå fylkeskommunen.
- Redusere bruk av eksterne ressursar.
- Redusere på kostnader til reise, kurs og konferanse.
- Redusere kjøp av inventar og utstyr.

Med foreslåtte tiltak vil kulturtenester, under føresetnad av at kontingenten for privatarkivordninga blir auka, styre mot et meirforbruk på kr. 140 000 kr. må inndekkast av fondsmidlar. Utan auke i kontingenten til privatarkivordninga vil meirforbruket i 2026 bli på 350 000 kr.

1.4 Foreslåtte tiltak

1.4.1 Nedbemanning

- Nedbemanne med 5 stillingar. Forventa innsparing:
 - Lønn: ca. 3,3 mill.
 - Driftskostnader: ca. 1,8 mill.

1.4.2 Verksemdsoverdraging

- Overføring av personverntenesta til ein av eigarkommunane for å sikre drifta av tenestetilbod og for å unngå en avvikling av tenesta.

1.4.3 Effektivisering

- Effektivisering og kvalitetsforbetring av tenestene.
- Reduksjon i reise, kurs og opplæring.
- Avslutning av framleigeavtale i 3. etasjen.
- Omdisponering av ressursar og reduksjon i tenestetilbod.

1.4.4 Auke kontingent for privatarkivordninga

- Auke kontingenten for å vere medlem i privatarkivordninga for kommunane frå dagens 1,91 kr per innbyggjar til 3 kr. per innbyggjar.

1.4.5 Lokaler

- Utlysing av konkurranse for nye lokaler tilpassa framtidige behov.

1.5 Økonomisk effekt og risiko

- Tiltaka gir langsiktig kostnadsreduksjon, men kan medføre auka kortsiktige kostnader. Risiko knytt til:
 - Depotkapasitet og mottaksstopp etter 2027.
 - Redusert bidrag til felleskostnader ved nedbemanning og verksemdsoverdraging.
 - Tap av kompetanse.
 - Omdømmetap.

1.6 Personal- og juridiske vurderingar

- Nedbemanning og verksemdsoverdraging må gjennomførast i tråd med arbeidsmiljøloven, inkludert informasjonsplikt og drøftingsmøte.
- Vurdering av konsekvensar for arbeidsmiljø og kompetansebehov.

1.7 Anbefaling til vedtak

Representantskapet blir anbefalt å:

1. Vedta årsbudsjettet for 2026 og økonomiplanen for 2026–2029.
2. Vedta igangsetting av tiltaka:
 - Nedbemanning 5 stillingar.
 - Forhandling om verksemdsoverdraging med ein av dei største eigarane eller nedlegging av personverntenesta.
 - Effektiviseringstiltak og reduksjon i driftskostnader.
 - Utlysing av konkurranse for ny leigeavtale for lokaler for selskapet frå 2027.

1.8 Budsjett 2026

Budsjett for 2026 er basert på vedtatte tiltak. Under dette avvikling av faggruppa for digitisering, avvikling / verksemdsoverdraging av faggruppa for personvern, effektivisering av tenester og redusert innleige:

Budsjett

Utgifter	Regnskap	Budsjett 2025	Budsjett 2026
IKA Drift	17 226 018	25 035 000	22 452 200
Adm / Kulturtenester	457 444	418 000	543 205
Fylkesfotoarkivet	950 406	1 464 800	1 466 670
SEDAK	1 523 244	1 908 500	1 969 390
Privatarkiv	971 790	1 628 750	2 070 000
Personverntjenesten	3 224 396	4 666 000	828 575
	24 353 298	35 121 050	29 330 040
Inntekter			
IKA Drift	-19 009 061	-25 035 000	-22 452 200
Adm / Kulturtenester	-139 286	-418 000	-543 205
Fylkesfotoarkivet	-900 505	-1 464 800	-1 466 670
SEDAK	-1 688 966	-1 908 500	-1 969 390
Privatarkiv	-838 696	-1 598 750	-2 070 000
Personverntjenesten	-3 297 801	-4 666 000	-828 575
	-25 874 315	-35 091 050	-29 330 040
	-1 521 017	30 000	0

1.9 Økonomiplan for 2026 - 2029

Økonomiplanen baserer seg på ein auke etter kommunal deflator frå 2026 til 2027. Frå 2027 til 2028 blir de forventa ein betydeleg auke i husleigekostnader, kostnader til flytting til lokaler, og auka i bemanning på ordning. Dette blir foreslått inndeckt gjennom auke i kontingenten og depotleien frå eigarane, og en økt inntekt frå ordningsprosjekt.

Økonomiplan

Utgifter	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029
IKA Drift	22 452 200	23 125 766	29 125 766	29 999 539
Adm / Kulturtenester	543 205	559 501	576 287	593 575
Fylkesfotoarkivet	1 466 670	1 510 670	1 555 990	1 602 670
SEDAK	1 969 390	2 028 472	2 089 326	2 152 006
Privatarkiv	2 070 000	2 132 100	2 196 063	2 261 945
Personverntjenesten	828 575	0	0	0
	29 330 040	29 356 509	35 543 432	36 609 735
Inntekter				
IKA Drift	-22 452 200	-23 125 766	-29 125 766	-29 999 539
Adm / Kulturtenester	-543 205	-559 501	-576 286	-593 575
Fylkesfotoarkivet	-1 466 670	-1 510 670	-1 555 990	-1 602 670
SEDAK	-1 969 390	-2 028 472	-2 089 326	-2 152 006
Privatarkiv	-2 070 000	-2 132 100	-2 196 063	-2 261 945
Personverntjenesten	-828 575	0	0	0
	-29 330 040	-29 356 509	-35 543 431	-36 609 734
	0	0	0	0